

Lokale musikantar blir hot and funky

26.02.2009

Dei to skulemusikantane Vegard Døssland (trompet/kornett) og Sindre Aksnes (slagverk) får oppleve ei heilt spesiell vintereferieveke dette året.

Dei skal til Askøy og delta i Hot'n Funky. Det er eit prosjekt om afrikansk drill og dans, med afrikanske og norske instruktørar.

Tre andre kvinnheringar skal også vera med og dei er Joar K. Berg frå Husnes skulekorps (trombone) og brørne Marius og Sebastian Torjusen frå Rosendal skulekorps, som spelar euphonium og tuba/susaphone.

Her er nokre stikkord frå prosjekt-plakaten som kan gje ein liten smakebit av kva det heile går ut på: Heftige bevegelser, catchy musikk, groove rytmer, funky afro pop, tung base line og avanserte formasjoner.

Klimaks for arrangementet blir showparade på Torgalmenningen fredag 6. mars med konsert i Bergen kino etterpå og streetshow på Askøy Forum om ettermiddagen laurdag 7. mars.

Av Ola Matti Mathisen